

Folkemøte måndag 12.februar kl. 19 i gymsalen på Skålevik skule går som planlagt

Fleirtalet i KDF valde å stryka saka om flytting av elevane frå Skålevik til Ulveset etter aksjonar frå foreldra.

Møtet på måndag går sin gong sjølv om elevane ikke blir flytta til hausten. Vi vant i første omgang, men vi må framleis kjempa for ny skule og oss på vestsida. Vi har ein skule som ikkje er framtidsretta, og som har stort behov for utbygging og vedlikehald. Området skulen dekkar er under stor utbygging. P.g.a. politkarane sin framgangsmåte i saka har vi framleis mange spørsmål vi ikkje har fått svar på, og no kjem politkarane på folkemøtet. Vi ønskjer også å be om svar på kvifor vestsida konstant vert nedprioritert av politkarane.

Dette gjeld tema som skule, veg, gangfelt, offentleg vatn, osv.

Ved samanslåing av kommunane er felleskravet til alle kommunane at alle bygder skal prioriterast likt. Har de spørsmål å stille til politkarane så har de moglegheit på dette møtet. Eventuelt kan de senda spørsmål til oss i FAU som møteleiar kan stilla. Men det er framleis viktig at alle stiller opp og viser engasjement.

MØT OPP OG VIS ENGASJEMENT FOR SKULEN OG NÆRMILJØET PÅ VESTSIDA!

Skålvik, 9.februar 2018

FAU Skålevik skule